



## Saksframlegg

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Fylkesrådmannen, Hordaland  
 Saksbehandlar: Ole Inge Gjerald, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane  
 Sak nr.: 2015/1434-540

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		18.12.2017

### Val av leiar og nestleiar i fellesnemnda (FN)

#### Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesordføraren i Hordaland vert vald til leiar for fellesnemnda.
2. Fylkesordføraren i Sogn og Fjordane vert vald til nestleiar for fellesnemnda.

#### Vedlegg:

- 1 Intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland (17.01.2017), kap. 8.
- 2 Reglement for fellesnemnda, vedteke 27.10.2017, §§1-3.

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### Bakgrunn for saka

Reglementet for fellesnemnda (FN) for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar vart vedteke i fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland i Gulen kommune 27.10.2017.

Reglementet slår fast at fellesnemnda skal ha leiar frå Hordaland fylkeskommune og nestleiar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Fellesnemnda konstituerer seg sjølv og vel sjølv leiar og nestleiar. Dei to fylkesrådmennene i Sogn og Fjordane og Hordaland utgjer ei felles prosjektleiing og sekretariat for arbeidet i fellesnemnda, inntil det vert tilsett prosjektleiar/fylkesrådmann for den nye fylkeskommunen.

Fellesnemnda sin funksjonsperiode går fram til nytt fylkesting vert konstituert.

Reglementet sine føringar knytt til fellesnemnda si samansetjing og nemnda sine hovudansvarsområde samsvarer med føringane i intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland, vedteken i dei to fylkestinga i februar 2017.

Fellesnemnda skal planleggje og førebu iverksetting av samanslåinga fram til konstituering av nytt fylkesting. Dei to fylkestinga er ansvarlege for verksemda i dei to fylkeskommunane fram til samanslåingstidspunktet 01.01.2020.

### **Fylkesrådmennene si tilråding**

Fylkesrådmennene rår til at fellesnemnda i sitt konstituerande møte vedtek at fylkesordføraren i Hordaland vert vald til leiar for fellesnemnda, medan fylkesordføraren i Sogn og Fjordane vert vald til nestleiar.